

# Utdanning til undring

**GJESTEKOMMENTAR:**  
Avvisning av forskning og vitenskap legg vegen open for tankeløyse og populisme

## Klaus Mohn

Professor, Handels-  
høgskolen ved UiS  
og NHH



Du merka kanskje at det var fullmåne på fredag. Kjente du deg bitte litt annleis? Humøret tok kanskje ei vending til det verre. Kanskje sov du litt mindre godt, eller kanskje du kjente deg litt uvel. Ei rekke myter gjer seg gjeldande om månen sin verknad på psyke og åtferd. Felles for dei alle er at dei ikkje har brei støtte i forskinga på området.

### Fornuft i forfall

På tilsvarande vis forkastar forskinga det meste av alternativ medisin, okkultisme og ikkje minst astrologi. Sannkjenninga av slike innsikter har samstundes ein lang og sterk tradisjon. 2000 år etter at Jesus blei født er oppslutninga stadig stor om kunnskap som saknar vitenskapleg underbygging. Framveksten av kunnskapssamfunnet ser heller ikkje ut til å bremse interessa for meir eller mindre vilkårlege vinklingar på tilværet. Skepsisen mot vaksinar grip om seg, me trur på englar, skrømt og mirakel, og me sett kryss i taket over kvar firkløver me finn.

Gjennom dei siste åra har det blitt meir vanleg at politikarar viser ryggen til forskinga, når kunnskapen ikkje passar med politikken, eller når opportunisten tek overhand i fiskinga etter stemmer. Støtt og stadig ser ein næringspolitikarar og næringsinteresser som er skeptiske til forsking på naturforvaltning, miljøvern og berekraft. I USA har president Trump twitra om den påståtte samanhengen mellom vaksiner og autisme, som er av-sanna gong på gong frå forskarhald. Og her på våre kantar vinglar politikarane i møtet med klimakrisa for å sanke stemmer til haustens lokalval. I det postmo-

derne informasjonssamfunnet har det blitt meir vanleg å ture fram utan å tenke seg om.

Tilliten er ikkje lenger like sterk til kunnskap basert på forskning. Ei sak er at erkjenning av ulike slag kan gjere seg gjeldande mellom folk flest. Verre blir det om politikarane let seg leie av innsikt som ikkje kan etterprøvast. Framgangen for populismen i det politiske landskapet er eit faresignal, og set vitenskapen under press. Om ikkje politikarane held fast ved det vitenskaplege grunnlaget for kunnskapsbygging, så risikerer ein ei utvikling der politikken blir påverka av vilkårlege overtydingar og regelrett vranglære.

### Krav til kunnskap

Trua på det overnaturlige vil ofte sjåast som ein privatsak. Når interessa for fenomenen av det meir okkulte slaget først skyt fart i breiare lag av samfunnet, så kjem ein likevel ikkje unna ei vurdering av kva rolle staten skal ta i omgangen med alternativ til vitenskapleg kunnskap. Spørsmålet blei aktualisert tidlegare i vinter, då norske styresmakter gav offisiell godkjenning til fagutdanning i astrologi. Dermed vil Statens Lånekasse for utdanning gje lån og stipend til studentar som vil lære seg å lage horoskop.

Regelverket for fagutdanning i videregående skular set i dag ikkje krav om at studiet skal være fagleg og sakleg for-svarleg, og tek heller ikkje omsyn til etiske forhold og implikasjonar ved utdanningane som skal vurderast. Dette inneber i prinsippet at jamvel prinsesse Märtha Louise sin engleskule kunne blitt godkjent for finansiering via Lånekassen.

Heldigvis er situasjonen ein annan for utdanningsprogram på universitetsnivå, med klare krav om at undervisninga skal være forskingsbasert. Dette inneber at utdanningstilbodet blir utvikla i tråd med det siste og beste av innsikt opparbeidd gjennom vitenskaplege metodar. Som eit element i ålmenn danning skal studentane samstundes opparbeide evne til kritisk refleksjon over sjølve grunnlaget for utviklinga av kunnskap.

Akkurat evna til undring og refleksjon

blir av mange peika på som særskilt viktig for å demme opp mot tankeløyse på samfunnsnivå. Inspirert av den tyske filosofen Hannah Arendt, har den amerikanske filosofiprofessoren Elizabeth Minnich skrive boka *The evil of banality: On the life and death importance of thinking*, ein einaste lang appell til den samfunnsmessige verdien av å tenke.

Ein bærande idé hjå Minnich er at omfattande fråvær av tenking og refleksjon kan leie til at individ og samfunn går på autopilot, som i sin tur kan gje opphav til populisme, omsynslaus maktbruk og jamvel vondskap. Difor, meiner Minnich, er det så overveldande viktig å legge til rette for eit utdanningssystem som stimulerer studentane til å grunne, ikkje berre over det dei lærer, men og over eigne tankesett og åtferd. Berre slik kan ein løfte utdanning til noko meir enn opplæring.

### Slå ring om refleksjonen

I ei tid der populismen breier om seg og skepsisen mot elitane er på frammarsj blir det ekstra viktig å styrke kårar for uavhengig produksjon av kunnskap basert på vitenskap og forskning. Rolla for universiteta i utviklinga av politikk og samfunn vil dermed bli viktigare enn nokon gong.

Difor burde me alle ønskje oss studentar som er evig nyfikne, skamlaust engasjerte og svoltne på kunnskap og forståing. Som ikkje slår seg til ro med fastlåste dogme, ikkje let seg binde av fordommar og som ikkje bøyer av for autoritetar. Som ikkje let seg krenke av provoserande tankesett, men møter usemje med ope sinn, sakleg argumentasjon og kunnskap basert på vitenskapleg tradisjon og metode.

Det beste me kan ønskje oss for arbeidsliv, politikk og samfunn er kandidatlar som veit å tenke på eiga hand, som har mot til å seie frå når keisaren er utan klede – og som har tryggleik til å ta vanskelege val når det trengst, for seg sjølv og andre. Som ikkje er drivne av eit tankelaust jag mot vinning, men av eit reflekterande søk mot meining.

@Mohnitor

*Jamvel prinsesse Märtha Louise sin engleskule kunne blitt godkjent for finansiering via Lånekassen.*

## Snått or not

**DRØSET:** Det er på tide at vi tenker nytt innen pollenpolitikken.

Kjære klima- og miljødepartementet

Forleden morgen sa kånå at jeg så ut som en feilbehandlet botox-pasient. Og svigermor lo. Det var ikke pent sagt eller gjort, vil kanskje dere i departementet si da.

Mulig det, men den gode nyheten er at dere i departementet lett kan gjøre noe med årsaken til denne dårlige starten på dagen.

Årsaken er at pollen har løsnet fra bjørketrær, blitt tatt av vinden og eksplodert i trynet mitt. Siden jeg er allergisk mot pollen fra bjørk, så blir altså resultatet store mengder snått og tårer, nysing og generelt nedsatt allmenntilstand. Og noe som tydeligvis kan minne om dette botox-greiene.

At pollen i realiteten er hannlige spredningsorganer, som det heter på fint, gjør det bare enda mer problematisk. Jeg føler jeg forstyrrer noen midt i akten når jeg får nyseanfoll.

Vi er en million pollenallergikere i dette landet. Men jeg kan ikke huske at noen regjering noen gang har gjort noe som helst for oss. Vi blir ikke tatt seriøst. Det kan ha noe med snåtten å gjøre, men i så fall er det diskriminerende.

Nå tenker kanskje dere i departementet at det er lite å gjøre, annet enn å be oss om å ta medisinene, tørke opp alt grapset som renner og tenke litt lenger enn vår røde netseipp.

Men det er faktisk noe dere kan gjøre, og det er svært enkelt og sannsynligvis ganske lønnsomt også.

Av trærne i Norge som driver med denne formen for seksuell aktivitet, er det i stor grad bjørken som plager oss. Dette vet vi. Og dette vet dere i departementet.

Dere vet også at vi har haugvis av trær i dette landet, og sykt mange forskjellige. Hvis en eneste type ble borte, ville det ikke betydd en snått. Her gjelder det å skille den fra barten.

Dere i departementet kan derfor lett bestemme at bjørken skal utryddes i Norge. Vi har 100 millioner kubikkmeter med dette møkkatreet, så det er bare å sette i gang. Her må vi også tenke eksport. Det er helt sikkert en delikatesse i Kina.

*Vi er en million pollenallergikere i dette landet.*



«Me burde alle ønskje oss studentar som er evig nyfikne, skamlaust engasjerte og svoltne på kunnskap og forståing,» skriv Klaus Mohn. Bildet er frå semesterstart ved UiS i fjor.

HÅVARD TANCHE-LARSEN KNUTSEN

